

PLANAR FOR 2016

Stemne, utferder og festar

Planlagde markeringar for 2016:

- Januar –Sørmarkakurs
- 17. mai – Dans opp Karl Johan, på Ensjøhjemmet og Brusteinballet
- Juni – Sommaravslutning
- Juli – Landskappleiken 2016 i Vågå, deltaking og tur
- Oktober/november – Dansekveld
- Oktober/november – Deltaking på Oslokappleiken
- Desember – Juleavslutning

Vi vil elles oppmode og jobbe for at medlemene reiser saman på nokre av dei mange kappleikane, festivalane og andre dansetilstellingar som skipast til rundt omkring.

Øvingar

Øvingane vil halde fram kvar tysdag. [Sjå øvingsplan for våren 2016](#). Styret ynskjer å legge seg på same nivå når det gjeld øvingar hausten 2016. Øvingane finn stad i Teatersalen, Rosenkrantz' gate 8, kl. 19.30-21.30. Søndansen held fram også i 2016.

Framsyingar

Leikarringen får med ujamne mellomrom førespurnader om ulike framsyingar, vi vil prøve så langt det er mogleg å nytta dei aktive i Leikarringen til desse framsyingane. Styret ynskjer å jobba for at dansarane som er med på dei jamnlege øvingane i Leikarringen får tilbod om å vere med på større prosjekt i regi av hovudlaget der det er naturleg å ha med folkedansarar. Ein ser føre seg eit samarbeid med administrasjonen, der deltakarar får moglegheit til å melde si interesse, samtidig som ein sikrar ein viss kvalitet i og med at dette kan være mogleg å selja til turistmarknaden, til dømes prosjektet "Norwegian Folk". Dansarane som ynskjer å vere med på eit slikt prosjekt må vera innstilte på jobba skikkeleg med dette.

Kurs og seminar

Styret har ikkje planar om arrangere egne kurs i 2016. Ein vil halde fram med å oppmode medlemmer til å delta på aktuelle kurs i regi av andre lag og organisasjonar, som til dømes dansekurs i regi av Riksscenen, kurs i regi av Noregs Ungdomslag og andre relevante kurs.

Særlege satsingsområde

Leikarringen skal halde fram med å leggje hovudvekt på å vedlikehalde ein kjerne av unge stabile dansarar, gjennom øvingar kvar veke med dyktige instruktørar og musikarar. Søndansen skal framleis ha hovudvekt på stildans. Auka samarbeidet med dei andre danseorganisasjonane i Oslo og elles i landet.

Budsjett Leikarringen 2016

		Budsjett 2016	Rekneskap 2015	Budsjett 2015
3010	Årspengar	18 000,00	17 900,00	15 000,00
3060	Særlagsstønad	50 000,00	50 000,00	50 000,00
3075	Inntekt oppdrag	5 000,00	7 500,00	0,00
3090	Diverse tilskot	5 000,00	0,00	0,00
3100	Billettsal	2 500,00	1 530,00	0,00
3110	Anna inntekt - Øvingar - Folkedanskveidar	3 000,00	4 745,00	6 000,00
3410	MVA-refusjon	4 000,00	1 534,00	4 000,00
3900	Ymse Inntekt	0,00	35 000,00	0,00
	SUM Driftsinntekter	87 500,00	118 209,00	75 000,00
5515	Honorar	0,00	-600,00	0,00
5830	Lønskostnader	-115 000,00	-70 827,00	-150 000,00
6300	Leige lokale (BLS)	0,00	0,00	-1 000,00
6890	Andre kontorkostnader	-2 000,00	-1 300,00	0,00
7110	Ferdapengar	0,00	-790,00	-1 000,00
7335	Kurskostnader eksternt	0,00	0,00	0,00
7342	Møtekostnader	-2 000,00	0,00	-2 000,00
7440	Gåver	-7 000,00	-4 110,00	-7 000,00
7510	Forsikring lagsdrifta	-4 000,00	-9 335,00	-4 000,00
7712	Andre møtekostnader/øvinger	-3 000,00	-4 572,00	-5 000,00
7715	Kurs	-7 000,00	-4 170,00	-5 000,00
7730	Rådvelde styret	-20 000,00	-4 600,00	-100 000,00
7790	Andre kostnader	-15 000,00	-4 320,00	-5 000,00
7792	Andre kostnader festar	0,00	0,00	0,00
	SUM Driftskostnader	-175 000,00	-104 624,00	-280 000,00
	<i>Resultat før finans</i>	<i>-87 500,00</i>	13 585,00	<i>-205 000,00</i>
	<i>Resultat før rådvelde</i>	<i>-67 500,00</i>		<i>-105 000,00</i>
8050	Renter bank	11 000,00	10 136,00	11 000,00
8150	Bankgebyr	-500,00	-135,00	-500,00
	Resultat	-77 000,00	23 586,00	-194 500,00